



Dato: 13. desember 2024

## Høyring av forslag til ny forskrift om tilskot til Kompetanse og arbeidskraft i distrikta over Kommunal- og distriktsdepartementet sitt budsjett

Kommunal- og distriktsdepartementet fremjar i dette høyringsnotatet forslag til forskrift for Kap 553 post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta og ordningane *Mobilisere til utdanning og kompetanseheving* og *Tilskot til studiesenter*. Forslaget til forskrift tek utgangspunkt i Prop. 1 S (2024–2025) for Kommunal- og distriktsdepartementet for budsjettåret 2025.

### Generelt om forskrifa

Forskrifta gjeld tilskotsmidlar forvalta av fylkeskommunane. Ordninga med Kompetanse og arbeidskraft i distrikta var ny i 2024. Frå 2025 omfattar posten to ordningar, høvesvis *Mobilisere til utdanning og kompetanseheving* og *Tilskot til studiesenter*. Ordninga med Tilskot til drift av studiesenter er overført frå Kunnskapsdepartementet (KD) til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) med verknad frå og med 2025. Føremålet med overføringa frå KD til KDD er at distriktpolitiske omsyn skal bli vektlagt sterkare i fordelinga av midlar til studiesentera framover.

Midlane skal bli forvalta gjennom fylkeskommunane fordi dei har eit heilskapleg kompetansepolitisk ansvar i regionen. Dette ansvaret omfattar mellom anna vidaregåande opplæring, høgare yrkesfagleg utdanning, karriererettleiing og studiesentera. Fylkeskommunane har òg eit ansvar for å bidra til betre samsvar mellom etterspurnaden etter arbeidskraft og tilbodet om utdanning og kompetanse.

Fylkeskommunane skal kartleggje regionale kompetansebehov, formidle behov til tilbydarar, og leggje til rette for etterspurde tiltak innan opplæring og utdanning.

Kapittel II av forskrifa handlar om ordninga *Mobilisering til utdanning og kompetanseheving* medan kapittel III handlar om *Tilskot til studiesentera*. Kapittel I, IV og V er felles for dei to ordningane.

## **Forskriftas kapittel I: Føremål**

Føremålet med ordningane er å betre tilgangen på relevante kompetansetilbod og kompetent arbeidskraft i distrikta, jf. § 1. Ordningane har ulike mål, geografiske verkeområde og tildelingskriterium.

## **Forskriftas kapittel II: Tilskot til mobilisering til utdanning og kompetanseheving**

Jf. § 2 skal ordninga betre tilgangen på kompetent arbeidskraft i distrikta ved å auke mobiliseringa til utdanning og kompetanseutvikling av befolkninga for å styrke tilgangen på kvalifisert arbeidskraft i offentlege og private verksemder. Vidare skal ordninga bidra til å styrke regional koordinering og regionalt samarbeid om metodar for å mobilisere og kvalifisere fleire til arbeid, inkludert dei som i dag står utanfor arbeidslivet.

Tilskotet har eit geografisk verkeområde som dekker alle fylker, med unntak av Oslo kommune.

I § 3 går det fram kven som kan søkje om tilskot for ordninga *Mobilisering til utdanning og kompetanseheving*. Desse er private og offentlege verksemder, stiftingar og organisasjonar som er registrerte med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistera.

§ 4 angir kva krav som gjeld for innhaldet i søkeres tilskot for ordninga *Mobilisering til utdanning og kompetanseheving*.

Forskrifta fastsett tildelingskriterium og storleiken på tilskotet for ordninga *Mobilisering til utdanning og kompetanseheving* i § 5.

## **Forskriftas kapittel III: Tilskot til studiesentera**

§ 6 angir formålet og det geografiske verkeområdet for ordninga.

Ordninga skal bidra til at utdanning og kompetanseutvikling blir tilgjengeleg for befolkninga i distrikta, inkludert for tilsette i distriktskommunar, som ikkje kan følgje ordinær undervisning ved dei faste studiestadane på grunn av lange avstandar. No skal tilgjengelegeheten bli betre ved ein auka innsats for å etablere fleire etterspurde desentrale og fleksible utdanningstilbod, auke talet på studentar som tileignar seg etterspurd kompetanse ved studiestadane, og ved at fleire utanfor arbeidslivet får utdanning og kompetanseutvikling ved studiesentera.

Det geografiske verkeområdet er innbyggjarar og tilsette i verksemder i kommunar definert som 4, 5 og 6 basert på [SSB sin sentralitetsindeks](#).

I § 7 går det fram kven som kan søkje om tilskot for ordninga *Tilskot til studiesentera*. Desse er private og offentlege verksemder, stiftingar og organisasjonar som er registrerte med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistera. Studiesenteret som det blir søkt om midlar til, må vere lokalisert utanfor etablerte studiestader og ha som primærfunksjon å tilby desentralisert og fleksibel undervisning for folk og verksemder i kommunar med sentralitet 4, 5 eller 6.

§ 8 angir regelverket for tilskotsmottakarar som driv økonomisk aktivitet og som dermed vil vere omfatta av EU sitt regelverket for offentleg stønad. Tilskotsmottakarar som har både økonomisk og ikkje-økonomisk aktivitet, skal ha ulike rekneskap for disse, og interne retningslinjer for fordeling av felleskostnadane mellom dei. Tilskot til studiesentera skal vere i tråd med EØS - avtalen og relevante EU - reglar om statsstøtte.

Meir informasjon om regelverket for tenester av almen økonomisk tyding, finst her: [Støtte til tjenester av allmenn økonomisk betydning \(SGEI\) - regjeringen.no](#).

§ 9 angir kva krav som gjeld for innhaldet i søknadar til ordninga *Tilskot til studiesentera*.

Forskrifta fastsett tildelingskriterium og storleiken på tilskotet for ordninga *Tilskot til studiesentera* i § 10. Føremålet med tilskotet skal vere i tråd med regionale planar for utvikling innan næring og kompetanse. Det stilles krav om 20 prosent lokal eller regional medfinansiering og/eller annan eigeninnsats.

#### **Forskriftas kapittel IV: Felles føringar om rapportering, kontroll og klage**

Rapporteringa om midlane skal skje i regionalforvaltning.no, jf. § 11.

I samsvar med § 12 skal tilskotforvaltar kontrollere at føresetnadane for tilskotet er oppfylt.

Tilskotsforvaltar kan krevje tilbake heile eller delar av tilskotet dersom tilskotet er utbetalt i strid med denne forskrifta, eller tilskotet ikkje er utbetalt eller nytta i samsvar med føresetnadene for tildelinga, jf. § 13.

Enkeltvedtak om tilskot eller avslag på søknadar innan ordningane *Mobilisering til utdanning og kompetanseheving* og *Tilskot til studiesentera* følger alminnelege reglar for sakshandsaming i forvaltningslova, jf. § 14.

#### **Forskriftas kapittel V: Avgjerd om forvaltninga i fylkeskommunane**

§ 15 angir fylkeskommunen sine fullmakter som tilskotsforvaltar.

Dersom fleire fylkeskommunar går samen om å samarbeide om eit prosjekt eller eit studietilbod, må éin fylkeskommune stå som ansvarleg forvaltar av midlane.

Fylkeskommunane kan overføre midlar frå ordninga *Mobilisering til utdanning* til ordninga *Tilskot til studiesenter*. Midlar på ordninga *Tilskot til studiesenter* kan ikkje gå til anna enn studiesentera. Dersom fylkeskommunen overfører midlar frå *Mobilisering til utdanning og kompetanseheving* til *Tilskot til studiesenter*, må fylkeskommunen følgje dei reglane som er gjeldande for ordninga for *Tilskot til studiesenter*.

§ 16 angir at fylkeskommunen er ansvarleg for at forvaltning av løyvinga skjer i tråd med forskrifta og gjeldande lover og regelverk. Paragrafen viser òg til at fylkeskommunen har ansvaret for å lyse ut tilskotsmidlane på regionalforvaltning.no, og at forvaltar er

ansvarleg for søknadshandsaminga og for tildelinga av tilskotet dersom ordninga er søknadsbasert.

Tilskotsforvaltar skal, i tilsegnsbrevet, spesifisere heimelen som stønaden vert tildelt etter. Fylkeskommunen skal rapportere til departementet på kriterium for måloppnåing (som beskrive i § 2).

Det er fastsett at Kommunal- og distriktsdepartementet kan gje nærmere føringar i oppdragsbreva til fylkeskommunane.

Fylkeskommunen kan bruke inntil fem prosent av løyvinga til å dekke kostnadene knytt til forvaltning av ordninga og deltaking på nasjonale arenaer for læring, jf. § 17.

§ 18 fastsett departementets kontroll med fylkeskommunen som tilskotsforvaltar.

#### **Forskriftas kapittel VI: Sluttmerknader**

I samsvar med § 19, kan departementet i særlege tilfelle fråvike forskrifa.

For løyvinga som blei tildelte fylkeskommunane i 2024, før forskrifta tredde i kraft, gjeld retningslinjene for budsjettpost 553.60 for 2024, jf. § 20.

Det tas sikte på at forskrifta skal tre i kraft frå og med xx 2025, jf. § 21.